

# Musea i Sogn og Fjordane

---

## Mandat til valkomitéen

### Forankringa av valkomitéen sitt arbeid

Frå Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sine vedtekter, godkjent av styret 18.februar 2020, har vi følgjande bestemmelsar for valkomiten sitt arbeid:

§ 4 «Styre»:

*Styret er stiftinga sitt øvste organ.*

*Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:*

- a) Vestland fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret*
- b) Rådet vel tre medlemmer med personlege varamedlemmer.*
- c) To medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av dei tilsette.*
- d) Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.*

*Styremedlemmene vert valde for 4 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.*

*Ved fyrste val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.*

§ 7 «Rådet sine oppgåver»

*Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår. Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m..*

*Rådet skal velje tre styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen.*

*Rådet fastset godtgjering til styret.*

*Oppløysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.*

§ 8 «Valkomité»

*Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 3 år.*

*Kvart år går den som har fungert lengst, dei to første åra ved loddtrekning.  
Valkomiteen vel sjølv leiar.*

*Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet.*

*Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder.*

## **Valkomiteen si arbeidsskildring**

### Samansetting av valkomitéen

Valkomitéen skal innstille på dei tre styremedlemmene, med personlege varamedlemmer, som veljast av rådet. Dei skal også innstille på nytt medlem i valkomitéen. Det er ikkje eit krav om at valkomitéen innstille på godtgjersle til styremedlemmene, men dei bør kome med ei tilråding.

### Valkomitéen sitt arbeid får å avdekke behov og finne kandidatar

(Leiar i) valkomitéen møter styreleiar og eventuelt administrerande direktør (leiinga) for å;

1. Avklare kven som står på val og korleis desse har fungert i styrearbeidet.  
2. Avklare kva profilar leiinga oppfattar at vi treng i styret for Musea i Sogn og Fjordane for neste periode med omsyn til personleg kompetanse og eigenskapar. Utover vedtektskravet om at styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder, er det eit krav om at styret som heilskap skal ha

- Høg legitimitet hos musea
- Kulturpolitisk erfaring og integritet
- Strategisk kompetanse med omsyn til museumspolitik i Vestland
- Juridisk kompetanse
- Økonomisk kompetanse
- Personalforvaltingskompetanse
- Marknads- og kommunikasjonskompetanse
- Kompetanse i leiing av institusjonar
- Erfaring frå arkiv, bibliotek, museum, kulturinstitusjon, UH-sektor, offentleg kulturforvaltning eller liknande
- Samansetting av styret bør etterstrebe representativitet i høve til befolkninga

3. Avklare om leiinga har innspel på aktuelle kandidatar til styret.

Valkomitéen fordeler arbeid med å følgje opp nåverande styremedlemmer, varamedlemmer og potensielle nye styrekandidatar.

I disse samtalan vil komitéen søke å avdekke;

*For dei som ikkje er på val;*

- Har du innspel til personar som du tenker kan gjere ein god jobb i styret?

*For dei som er på val, og som vurderast som aktuelle for attval;*

- Kan du tenke deg å stille til gjenvalg for en ny periode?

*Viss nei,*

- Har du innspel til personar som du tenkjer kan gjere ein god jobb i styret?

*For dei som kan tenke seg å stille til attval;*

- Kva ønskjer du å bidra med i et nytt styre?
- Kva oppfattar du at det er viktig for styret å fokusere på framover?

*For dei som ikkje er aktuelle til attval;*

– Kva kompetanse og eigenskaper saknar du i styret, og har du framlegg på aktuelle kandidatar som du meiner vil kunne tilføre desse?

*Nye kandidatar;*

I desse samtalene er det viktig å avklare om dei har nokre tankar rundt styrearbeid i et styre som består av styremedlemmer som er; politisk oppnemnde, tilsettere representantar og oppnemnde av rådet.

- Om dei vil få aksept frå eventuell arbeidsgjevar til å bruke tilstrekkeleg med tid på vervet som styremedlem.
- Om dei har andre verv eller bindingar som kan bli problematiske for en uhilda deltaking i styret sitt arbeid.

Valkomitéen gjennomfører samtalar med mogelege kandidatar.

Nye møter takast etter behov. Om ønskjeleg inviterast styreleiar til å bli med i møta.

Mogelege kandidatar kan gjerne snakke med nokon i styret dersom dei ønskjer det før dei seier ja eller nei til å vere kandidat. Direktør vil også vere til disposisjon. Potensielle kandidatar kan få tilsendt relevant informasjon om verksemda, til dømes årsmelding, rekneskap og strategiplan, samlingsforvaltningsplan, forskingsplan og formidlingsplan.

Det er viktig at valkomitéen har best mogeleg informasjon om verksemda sine behov før dei startar sitt arbeid. Der er derfor ein fordel om styret gjennomfører sin årlege styreevaluering og formidlar relevante innspel i forkant av at komiteen set i gang med sitt arbeid.

Valkomitéen blir beden om å starte arbeidet i god tid. Valkomitéen si innstilling må oversendast museet sin administrasjon innan innkalling og sakspapir skal sendast ut til rådet sine medlemmer (2 veker før møtedato).

Valkomitéen gjer si avgjerd om kva kandidatar dei vil gjere framlegg om. Som ei avsluttande oppgåve skal valkomitéen informere alle kandidatar som har delteke i prosessen om dei innstillast til val eller ikkje.

Valkomitéen skal ikkje innstille på styreleiar, og personleg vara for denne, då dei er utpeikt av Vestland fylkeskommune. Styret vel sjølv nestleiar.

Nye kandidatar til styreverv inviterast som observatørar til rådsmøtet. Dei vil då ha mogelegheit til å presentere seg før valet gjennomførast.

Godtgjersler

Valkomitéen *kan* innstille på godtgjersler for styremedlemmene.

Som følge av etableringa av Vestland fylke i 2020 og at Musea i Sogn og Fjordane er blitt eit av mange konsoliderte museer i Vestland er det ein ambisjon om at nivået på styregodtgjerslene er harmonisert med samanliknbare museer.

Med atterhald om endeleg godkjenning i av rådet i samband med ordinært rådsmøte i 2021 skal godtgjersla fastsettast slik frå og med 1.januar 2021:

Styreleiar:	60 000 kr
Nestleiar:	30.000 kr
Styremedlem:	2.000 per møte
Varemedlem:	2.000 per møte
Medlem av valkomiteen:	2.000 per møte

Reiseutgifter i samband med styremøter vert dekkja både for styret og valkomitéen.

I god tid før ordinært rådsmøte møter (leiar i) valkomitéen direktør og styreleder (leiinga) for å drøfte nivået på godtgjerslene.

Styrehonorara regulerast i tråd med årslønsvekst innafor HUK-området (jfr landsovereinskomsten).

*Styret i Musea i Sogn og Fjordane  
Førde, 14. desember 2020*